

---

Saksnr: 2021/1600-1  
Saksbehandlar: Lars Erik Lunde

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		17.02.2021

**Budsjett 2021 - Fordeling av løyving til mindre utbetringar**

Forslag til vedtak

1. Ufordelt løyving til mindre utbetringar på 21,1 mill. kr vert fordelt slik:

Område/veg	Beløp i heile tusen kr
Fv. 5724 Oldedalen	3 000
Fv. 550 Aga - Kråkevik	600
Fv. 616 Kalvåg-Klubben	1 300
Fv. 5742 Tvinnereim – Rand, Stryn kommune	1 300
Fv. 5723 Lodalen, Stryn kommune	2 900
Fv. 550 Ytre Ædna	5 000
Ufordelt pott til samarbeidstiltak/spleiselag	7 000
<b>SUM</b>	<b>21 100</b>

Dina Lefdal  
fylkesdirektørEinar Kvam  
seksjonssjef*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i sak 137/2020 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 å auke posten til mindre utbetringar i investeringsbudsjettet med 21,1 mill. kr i 2021.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet skal i denne saka gjere vedtak om fordeling av denne løyvinga på ulike prosjekt.

Følgjande føresetnad er lagt til grunn for fordelinga:

*«Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill. kr) skal difor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet som kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.»*

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsle og mobilitet har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde, jf. Budsjettreglementet pkt. 3.5.6.

Vurderingar og verknader

Framlegg til tiltak er gjort med bakgrunn i føringane for løyvinga frå finansutvalet. Det er i val av tiltak teke omsyn til kva som er realistisk å kunne få gjennomført i løpet av 2021. Dette betyr at det ligg føre planar for tiltaket eller at dette kan gjerast raskt. Det er også lagt vekt på å velje tiltak i områder der vi allereie har aktivitet og mannskap.

I det følgjande er det gitt ein nærmare omtale av dei prioriterte tiltaka:

Fv. 5724 Oldedalen, 3 mill. kr

Punktvis utbetring. Behov for utvida omfang.

Fv. 550 Aga - Kråkevik, 0,6 mill. kr

Midlane skal nyttast til utbetring av eit prioritert punkt på strekninga etter TS-rapport 2014.

Fv. 616 Kalvåg-Klubben, 1,3 mill. kr

Opparbeiding av møteplassar i Bremanger. Det står att nokre møteplassar som ikkje har blitt prioritert tidlegare.

Fv. 5742 Tvinnereim - Rand, Stryn kommune, 1,3 mill. kr

Opparbeiding av møteplassar, samt utbetring av nokre smale svingar på Fjelli, Jevnlid, Gald, Heimlid, samt kryss Nygård fv. 5742

Fv 5723 Lodalen, Stryn kommune, 2,9 mill. kr

Opparbeiding av møteplassar i Lodalen.

Fv 550 Ytre Ædna, 5 mill. kr

Tiltaket gjeld fjerning av flaskehals samt opparbeiding av siktsone. Det har vore dødsulukke knytt til flaskehals.

Ufordelt pott til samarbeidstiltak/spleiselag, 7 mill. kr

Det vert sett av ein pott til samarbeidsprosjekt. Løyvinga vil gjere det mogleg å gjere tiltak på fylkesveg i samband med prosjekt i kommunal og privat regi. Aktuelle tiltak kan vere å etablere fortau i samband med kommunale VA-prosjekt. Fylkesdirektøren er i dialog med fleire kommunar om aktuelle prosjekt.

### Økonomi:

Saka omhandlar fordeling av løyving til mindre utbetringar i investeringsbudsjettet for 2021.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren legg med dette fram forslag til fordeling av ufordelt løyving til mindre utbetringar, jf. vedtakspunkt 1. Det er i val av tiltak teke omsyn til føringane for kva midlane skal nyttast til og kva som er realistisk å kunne få gjennomført i løpet av 2021.